

Protokoll årsmøte 2024 i IL i BUL

Dato/ tid:	11. mars 2024, kl. 18:30 til kl. 21.
Stad:	Tingstova, Hotel Bondeheimen, Kristian IVs Gate 2, 0159 Oslo
Tilstades:	Tal på stemmeføre: 11stk Ikkje stemmeføre: 2 stk. + Eirik og Simen frå administrasjonen.

Godkjenning av innkalling og dagsorden.	Godkjent utan merknader
Val av møteiar, referent og protokollunderskrivarar	Valt: Møteiar – Marius Schneider Referent – Hilde Osnes Protokollunderskrivarar: Håvard Hasås
Godkjenning av årsmelding 2023	Gjennomgang av presentasjon med utdrag av årsmelding ved møteiar. Skriftleg fullstendig versjon av årsmelding tilgjengeleg for alle. Svein Erik Tønnessen presenterte oppsummering frå mellom/langdistansegruppa. Jan Hermann Hordvik presenterte sprintgruppa. Fokus på skadeførebygging. Gode resultat på herresida, litt dårlegare på kvinnesida. Hassan Bouka si mosjonsgruppe har rundt 60 utøvarar – kjernegruppe på 25 stk. Arbeidar for fleire innmeldt i klubben. Ungdomsgruppene til Unni Helland og Magnus Kringstad - God rekruttering, særleg på gutesida. Har litt å hente på jentesida. Tormod Bønes kom med innspel om å bruke Rødkleivhytta til mellom anna samlingar. Særleg aktuelt på hausten. Spørsmål frå Tormod Bønes om utøvarar som heilt eller delvis trenar utanfor BUL-grupper. Dagleg Leiar informerte kort om status for Weldu Negash Gebretsadik, Håvard Haukenes, Ibrahim Buras og Rabi Abdullahi Dahir. Ønske om å få inn noko om lagserien i Årsmeldinga. Vise den store breidda i BUL, særleg på gutesida. Igjen viktig med fokus på jentene, og lage gode miljø og treningsgrupper også for dei. Årsmelding godkjent ved akklamasjon.

Rekneskap 2023	Oppsummerte tal vist av møteleiar. Detaljar presentert av dagleg leiar. Innspel fra årsmøte: God økonomisk styring og god jobb for å finne moglege inntektskjelder Oppfølging frå i fjor: Det vart foreslått å setje noko av eigenkapitalen i fond, men slik den økonomiske usikkerheita er no i samfunnet, og den høge renta, har styret vedtatt å avvente dette. Det er god avkastning og lite risiko på høgrentekonto. Rekneskap og balanse godkjent ved akklamasjon.
Budsjett 2024	Lagt fram av Dagleg Leiar <i>Inntekter:</i> Budsjettet lagt fram med 12 350 deltakarar på Sentrumsløpet. Vi ligg per dags dato framfor rekordåret som enda opp på totalt 12 500 påmeldte deltakarar. Auka budsjett på ulike tilskot. Ungdomsmeisterskapet i august/september. Budsjett litt usikkert, men har teke utgangspunkt i Fana sitt frå i fjor. Klubben har kjøpt restlageret til klubbtoyet av Asics fordi Oslo Sportslager ikkje skal selje det lenger. Har kjøpt det til 100 000 ink. mva, potensiell utsalspris 800 000, men vil fordelast over fleire år framover. <i>Utgifter:</i> Sentrumsløpet: Utgifter auker i takt med påmeldingsauke, og auke i prisar på ulike tenester. UM: 80 000 i inntekter – konservativt estimat. Andre tilskot frå NFIF osv. sjekkast opp. Auke i utgifter til trenarar og utøvarar: trenarar pga. at dei er tilsette og man må betale feriepengar og pensjon samt arbeidsgjevaravgift. Meisterskap: Kostbare meisterskap med Bodø og 2x Sandnes. Dyrare fly og hotell jamnt over samenlikna med tidlegare. Det er budsjettert med eit underskot på 294 000 kroner. <i>Kommentarar:</i> Jobbe med sponsorinntekter (UM- Klubb) Ikkje budsjettert med tilskot frå kommune og NFIF.

		Bør ikkje stoppe oss frå å ta inn nye utøvarar om nokon kjem og bankar på døra. Men må vektast mot eigne utøvarar og totaltilbod. Tilsvar frå DL: må vurdere oppimot kven og kva dei kan bidra med inn. Budsjett godkjent ved akklamasjon.
Fastsetjing årspengar til hovudlaget og fastsetjing av treningsavgift for 2025		Foreslått uendra frå styret. Auka med 50kr i fjor, foreslår å behalde denne. Vedtatt ved akklamasjon.
Eventuelt/inntømne saker		Presentasjon av ny Sportsleg plan: Planen skal vedtas av styret. Innspel frå årsmøtet: Sendast ut på høring til alle medlemmar. Elitestemne: Urealistisk med rankingstemne; vanskeleg å få overskot. Ikkje i år. Organisasjon/Klubbkultur: Viktig med synlighet og tilrettelegging for utøvarar. Mellom anna buss til meisterskap samt felles kledning. Mål å få på plass eit sportsleg utval med ein sportsleg leiar som kan følgje opp denne planen. På sikt kanskje ansatt i ein viss prosent. Kommentar: Arrangere en medlemskveld med presentasjon av planen.
Val av valnemna		Svein Erik Strand Tønnesen Årsmøtet gjer valkomiteen løyve til å finne siste medlem og vara. Valt ved akklamasjon.
Val av kontrollnemnd		Håvard Hasås - Gjenvalt. Valt ved akklamasjon.
Val av styre		Styreleiar – Marius Schneider - attvalt for 1 år. Nestleder – Hilde Abelvik Osnes – ikkje på val. Ungdomsrepresentant – Angelica Okparaebø – ikkje på val Styremedlem – Geir Vaage - På val - attvalt for 2 år Styremedlem – Jill Olsen – på valg - attvalt for 2 år 1. varamedlem – Kenneth Baranyi Eriksen - ikkje på val. 2. varamedlem – Thomas Patey - valt for 2 år. Alle valt ved akklamasjon.
Eventuelt		Kommentar fra Tormod Bønes: Oppmoding om at idrottslaget deltek på 125 års Jubileumsmarkeringane til Hovedlaget. Makedsføre i sosialemedier og i nyheitsbrev /medlemsinfo.